



LEIKANGER JAKT OG FISKELAG

ÅRSMELDING

1980





LEIKANGER
JAKT- OG FISKELAG

ÅRSMØTE PÅ KAFE "ELVEGARD" TIRSDAG 10.MARS KL. 2000.

SAKLISTE:

1. Godkjenning av innkallinga.
2. Val av to til å skriva under møteprotokollen.
3. Godkjenning av årsmeldinga.
4. Godkjenning av reknskapen.
5. Val:
 - a) Formann
 - b) Kasserar
 - c) Styremedlem
 - d) 1 varamann til styret
 - e) 1 medlem i jaktutvalet
 - f) Formann i fiskeutvalet
 - g) 1 medlem i fiskeutvalet
 - h) Valnemd for 1982, 3 medlemar
 - i) Utsendingar til årsmøtet i Fylkeslaget av NJFF.
 - j) 2 revisorar
6. Ymse.

Bjørn Monsen
Bjørn Monsen
formann



LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

Det har vore to styremøter i år. Det meste av arbeidet i år har dreia seg om bygginga av leirduebana på KLEPPA. Til våren kan vi ta den i bruk. Det er lagt ned 413 dugnadstimar, men det står enno att litt ryddearbeid. Er det nokon som skal framhevast i samband med arbeidet, så må det vera Per Trygve Stadheim. Han har gjordt eit framifrå arbeid.

Vi arrangerte fiskekonkurranse for medlemene i Fjærlandsøter-området med brukbar deltaking.

Pr. 31/12 har vi 64 medlemar.

56 stk. senior m/tidsskrift

4 " junior "

4 " senior u/tidsskrift

Dette er ein nedgang på 11 medlemar. Vi er nok ikkje flinke nok å verva medlemar.

Økonomien er ikkje god for tida. Bygginga av leirduebana gjorde eit stort hogg i beholdningen.

Vi vonar leirduebana vil verta mykje brukt av medlemene. Det er ein god trening før rypejakta tek til.

Vi har ikkje delteke på mange stemner siste året. Vonar på ein oppsving når vi no får eiga bane.

Vi har delteke i tre stemner. To i Årdal, og ei i Sogndal.

Bjørn Monsen vann kl. A i Årdal med 24 og 20 treff.

Han vann og kl. A i Sogndal med 20 treff.

I kl. D2 vart Svein Halveg nr. 2 i Sogndal med 10 treff.

Når det gjeld felling av rev og mink er det ein nedgang i antalet.

Det er mogleg det er mindre av desse udyra, men det er vel vi som ikkje er flinke nok til å ta dei.



LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

Vi kontakta Leikanger Lensmannskontor for å få opplyst kven av medlemane som hadde skote mest. I kommunen var det gitt skotpremie på 44 revar og 23 minkar. Det er ein nedgang på 11 revar og 18 minkar frå året før.

Medlemane har skote 7 revar og 2 minkar. Minkpokalen går i år til Per Aaberge med 1 mink.

Revapokalen går til

Inge Yttri for 2 revar.

Revebestanden er nok for stor. Det må vi prøve å gjera noko med. Den gjer store innhogg i rype og orrfuglreira.

Mink er det mykje av. Pokalen vart i år gjeven på 1 mink,

Det står ikkje i forhold til så mykje mink det er. No tek vi oss saman og jaktar meir. Har du flest minkar, får du ein fin pokal på neste årsmøte.

Kråkebestanden berre aukar og aukar. Vi må hukse på at rype og orrfuglegg er reine delikatessene for kråka. Det er ingen som har meldt seg til styret om felte kråker.

Det er mange mange år sidan det har vore så mykje ryper i fjellet som i år. Alt skulle liggja vel til rette for ein god sesong til hausten att. Det er opservert godt med stamfugl i vinter.

Orrfuglen aukar det og av, men skal den auka meir må vi ikkje skyta orrhøna. Lat oss få ei skikkeleg stamme før vi jaktar på den.

Harebestanden veks og. Det var ein epedemi for nokre år sidan. Det er no ikkje så utbreidd, så det er vel det som gjer at vi merkar auken. Den bør ikkje jaktast så hardt på enno.



LEIKANGER
JAKT- OG FISKEKLAG

5

ÅRSMELDING FOR 1980 FRÅ FISKEUTVALET.

Fiskeutvalet har i 1980 hatt denne samansetnaden :

Formann : Svein Inge Moum

Medlemar : Knut Haukeland, Agnar Gåserud, Nils T. Henjum.

Til hausten vert det 2 år sidan me slepte fisk i Friksdal/Myrdal. Me meiner at me i år bør fram og prøvafiska for å sjå kor stor fisken er vorten.


Me hadde i år planar om utslepp av fisk i Hovda- og Kvistalivatnet. Planane våre vart sett ut i livet av Grunneigarlaget som slepte fisk i dei to overnevnte vatna plus Kringlevatnet. Svein Inge Moum var med som medhjelpar.

Ein av dei viktigaste oppgåvene våre i år må vera å kartleggja alle vatn som er fisketomme eller har dårleg fiskestandar og på sikt få setja fisk i desse.

Me hadde søndag den 29. juni fiskekonkuransse i Sumhaug med 17 deltakarar som alle var medlemmar av laget. Dei fleste av oss reiste fram laurdags ettermiddagen. Me fekk ein del fisk (ca 40) utover kvelden og me hadde fellessteiking i tolvtida. Det var ein artig kveld der det sosiale samværet var heilt på topp. Når det gjeld reslutata frå konkuransen viser me til vedlagde rapport. Me nevner at Torleif Tyssebotn hadde største fisken på 400 gr. og at Nils T. Henjum hadde flest fiskar med 7 stk. Desse to fekk kvar si fiskeveske i premie. For å styrka samholdet i laget bør me satsa på liknande konkuransar kvart år.

Hermansverk den 3. mars-81.

Svein Inge Moum	Knut Haukeland	Agnar Gåserud	Nils T. Henjum
sign.	sign.	sign.	sign.



LEIKANGER
JAKT- OG FISKELAG

RESLUTAT FRÅ FISKEKONKURANSEN I SUMHAUG DEN 29. JUNI-80.

Navn	Vekt(største fisken)	Antall
Erling Thorsnes	120	5
Stéinar Næss		0
Torleif Tysseborn	400	1
Ivar Fagerheim		0
Nils Henjum	200	7
Svein Inge Moum	30	2
Jarle Walsvik	220	3
Knut Haukeland	30	1
Kurt Langeteig	100	1
Bjørn Hagen	100	2
Terje Henjum		0
Roger Loftheim		0
Alf Thorsnes		0
Inge Optun	300	1
Torvald Fosse	100	2
Svein Inge Lundheim	100	1
Rolf Nestby	200	2

Det vart kontrollert om alle hadde fiskekort og alle hadde dette.

Arsregnskap for 1980 - 1981

for

Leikanger jakt- og fiskelag.

<u>Inntekter</u>	<u>Debet</u>	<u>Utgifter</u>	<u>Kredit</u>
Kulturmidler	1200,00	Porto	116,80
Lotteri	319,70	Konsesjon og feste av grunn	850,00
Medlemskontigent	610,00	Rubrikkprotokoll	131,00
Renter bank	180,40	Annonser i lokalpresse	63,00
		Leirduer og skudd	3250,00
		Anlegg av leirduebane	2851,34
		Kastemaskin- leirduer	450,00
		Premier til fiskekonk.	274,00
		Pokaler	337,00
	<u>2310,00</u>		<u>8323,14</u>
Sum inntekter	2310,10	Sum utgifter	8323,14
Saldo driftsunderskudd	<u>6013,04</u>		<u>8323,14</u>
	8323,14		

For Leikanger jakt- og fiskelag

Rolf Nestby (kasserer)



LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

Referat fra årsmøte på 'Elvegard' den mars 1981.

1. Formannen åpnet møtet kl. 20¹⁰ for 22 fram møtte. Sakliste og innkalling ble godkjent.
2. Knut Haukeland og Jon Skårhaug ble valgt til å skrive under møteprotokollen.
3. Formannen gikk gjennom årsmeldinga og ble bakket opp av Nestby (regnskap) og Moum (fiskeutvalget). Arne Skogly savnet en liste over medlemmer i årsmeldinga. Årsmelding og regnskap ble godkjent.
4. Medlemmer i styre og utvalg ble valgt i samsvar med valgnemnda sitt framlegg:
Formann: Rolf Nestby (etter ekstraordinært årsmøte den 25. mars).
Sekretar: Aasmund Åsen
Styremed.: Jon Skårhaug
Kasserer: Knut Røysum
Varam. : Bjørn Hagen
Revisore: Per Åberge og Alf Skrede
Valgnemd for 1982: Arnfinn Sjøtun, Arne Skogly og Jarle Valsvik.
5. Bruken av leirduebanen ble tatt opp. Etter forslag fra Sverre Fossen vedtok årsmøtet at bare medlemmer av lag tilsluttet NJF kan bruke banen. Det skal kreves legitimasjon i form av medlemskort, og det må innføres aldersgrense for å skyte. Etter forslag fra Leif Frækaland vedtok årsmøtet å legge skytinga til faste kvelder. Formannen la til at laget ikke har skikkelig lagerplass for leirduer og skudd. Nå lagres de på tinghuset. Forøvrig mente formannen at laget bør få tak i en dommerinstruktør for leirdueskyting.

Pokaler

Inge Yttri fikk revepokalen for to felte rev.

Per Åberge fikk minkpokalen for en mink.

Ingen hadde meldt fra om felte kråker.

Forøvrig vedtok årsmøtet:

Å sende Bjørn Hagen og Svein Inge Moum på årsmøtet til fylkeslaget

2

i Høyanger den 14. og 15. mars 1981.

Å sende Leikanger sparebank en søknad om pengegave.

Den 17. april 1979 sendte Leikanger jakt- og fiskelag et brev til viltnemda i kommunen om freding av småvilt etter jul. Laget har ennå ikke fått svar på brevet.

I forbindelse med forsuring av vassdrag reiste Sverre Fossen spørsmål om pH- analyse av vannprøver. Rolf Nestby svarte at slike analyser kan SF- Njøs ta.

For småviltjakta i 1981 tegner det bra siden det i høst var mer orrfugl, rype og hare enn på lenge.

Laget skal ha et lotteri for å styrke økonomien. Det kan selges lodd for kr. 5400. Trekningen er ved Sogn politikammer den 15. mai.

Jan Skarhaug

Rolf Nestby
Rolf Nestby